

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Representantskapet

MØTEBOK

Møtedato: 01. november 2018, kl. 12.30

Møtestad: Lerstadvegen 545, 4. etg. i SKS IKS sine lokalar

Møtet vart leia av Torgrim B. Finnes.

Elles til stades:

Thor Hansen, Ålesund, Jonas Falch, Stordal, Gunnar O. Morsund, Giske, Gudmund Relling, Norddal, Rolf Bergmann, Sykkylven, Eivind Davik (vara), Haram, Helge Kvame, Stranda, Rolf Liebich, Skodje, Målfrid Sjøstad (vara), Ørskog, Kåre Terje Bjørnerem, Midsund,

= **11 voterande**

Forfall: Ronny Blomvik, Sula og Svein Ove Søholt, Sandøy.

Frå styret møtte styreleiar Inge Gjærde og nestleiar Terri-Ann Senior.

Frå administrasjonen møtte:

Dagleg leiar Bjørn Tømmerdal og advokat Kjetil Kvammen

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

**Sak 05/18
Godkjenning av møtebok frå møte 03.05.2018**

Representantskapet sitt samrøystes vedtak:

Møteboka frå møte 3. mai 2018 blir godkjent.

Sak 06/18

Budsjett 2019 og økonomiplan - Sunnmøre kontrollutvalgssekretariat IKS

Saksdokument frå kontrollutvalgssekretariatet datert 13. oktober 2018

Representantskapets sitt samrøystes vedtak:

Kommune	Fordeling etter eigardel korrigert for tillegg/frådrag		Etter medgått tid	Sum 2019	Sum 2018
Ålesund	192781	50123+	248072	490976	472732
Haram	96390	25061+	84036	205487	196366
Sykkylven	96390	25061+	106036	227487	218366
Sula	96390	25061+	89036	210487	201366
Giske	96390	25061+	84036	205487	196366
Stranda	96390		105036	201426	193354
Skodje	96390		94036	190426	182354
Ørskog	96390	25061-	90036	161365	154342
Midsund	96390	25061-	74036	145365	138342
Norddal	96390	25061-	94036	165365	158342
Sandøy	96390	37592-	95036	153834	147335
Stordal	96390	37592-	89636	148434	141935
	1253071		1253068	2506139	2401200

1. Budsjett 2019 for Sunnmøre Kontrollutvalgssekretariat IKS blir vedteke slik det ligg føre i vedlegg nr. 1, jfr også fordelingstabell ovanfor.
2. Deltakerkommunene betaler inn sin budsjetterte del av utgiftene med 1/3 med forfall 1. mars, 1. juli og 1. november i budsjettåret.

Sak 07/18

Organisering av SKS IKS etter 1. januar 2020 ved styreleiar Inge Gjørde

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 13. oktober 2018

Styreleiar Inge Gjørde ga ei grundig orientering kring arbeidet med å vidareføre selskapet SKS IKS etter kommunereforma 2020 med redusert tal på deltakarkommunar.

Representantskapets sitt samrøystes vedtak:

Representantskapet tek orienteringa til vitande.

Sak 08/18

Regulering av godtgjersle til styre og representantskapet i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 13. oktober 2018

Representantskapets sitt samrøystes vedtak:

Godtgjering for arbeidet i representantskapet og styret blir sett til kr 1. 700,- pr. møte.

Leiar i representantskapet og leiar i styret skal ha fast årleg godtgjersle med tillegg av godtgjersle per møte.

Godtgjersle til styreleiar utgjer kr 23.000,-.

Godtgjersle til leiar av representantskapet utgjer kr 8.300,-. Dersom funksjonstida er under eitt år, blir den faste godtgjersla avkorta forholdsmessig.

Nestleiar i representantskapet og nestleiar i styret skal ha kr 2.400,-i godtgjersle pr. møte, dersom dei må tre inn å leie møtet i leiarens fråvær.

SAK 09/18

ERFARINGSUTVEKSLING FRÅ KONTROLLUTVALA

Kvar leiar ga ei orientering kring status i eige utval. Orienteringane blei tatt til vitande.

Møtet blei avslutta kl. 14.00

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS